



Frå Stortingsvalet for 4 år sidan. Bjørgulv Eik tek imot røysta til Ove Myhre.

Mange tykkjer nok at valet er vanskeleg, Men teknisk sett kunne det knapt vore enklare. Det gjeld berre eit val og det har ingen hensikt å retta på setelen. Og alt du skal gjera står i valkortet du har fått i posten.

Valstaden her i Uskedalen er som ved fleire val tidlegare lett å finna. Du går inn gjennom den fyrste døra du kjem til på fjordsida av Aktivitetshuset. Der inne sit 4 medlemmer av røystestyret klare til å hjelpa deg: Åse Myklebust Neset, Steinar Kroka, Britt Arnesen og Inger Elise Helgeland. 2 avlukker er klare. Du må passe på å bretta rett og ikkje avsløra kva du har stemt.



Åleine på valplassen i føremiddag: Aksel Kloster junior, Embla Vårdal, Johnny Håvik og Nikolai Rørdal

Hvis ein ikkje har tid på sjølve DAGEN kan ein reise til Rådhuset i Rosendal eller Kulturhuset på Husnes og røysta mellom 12 og 16 imorgon søndag.

Måndag er røystetida frå 11 til 19.

Vi her i Uskedalen har eigentleg ikkje merka så mykje til valkampen. Statsrådar har ikkje banka på hjå oss og vi har berre registrert ein stortingsrepresentant på rask gjennomreise. Typisk nok hadde berre eitt parti stand ved SPAR no i føremiddag.

Arbeidarpartiet fekk

valplassen åleine, noko Aksel Kloster junior som leiar av kvartetten ikkje hadde det minste imot. Dei 3 han hadde med seg var AUF-medlemmene Embla Vårdal, Johnny Håvik og Nikolai Rørdal og dei var ivrige etter å forsikra om at dei skal ta landet vidare.

Meiningsmålinga som fortalde om ein tilbakegang på 8 prosent her i Kvinnherad vart ikkje kommentert.

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen